

Hei og velkommen til Voss Leirskule – vinter lærarar!

Mål for veka:

Målet for veka er alpin skiundervisning og skileik i fokus under leirskulen. Ein får øvd seg på eige nivå og vidareutvikla sine skiferdigheitar.

For å gi best mogleg opplæring og ski-instruksjon ynskjer me å få informasjon om klassen(e). Eg legg ved to vedlegg som ein legg inn informasjonen og sender tilbake:

- **Fyll ut skjemaet og send tilbake «Skiskule gruppenivå»**

Det vil gi skiskulen god oversikt, rask inndeling og best mogleg forutsetning for god opplæring og skiundervisning. Alpint nivå, for meir informasjon sjå

<https://www.vossresort.no/skisenter/skiutleige%20og%20skiskule>:

- Grønt nivå= nybyrjar. Har ingen forkunnskap om ski, heisar, lære balanse på ski, bremsing og svingteknikk.
- Blått nivå = middels, har stått ski før, kan bremse, mestre svingteknikk, kan ta stolheis aleine og meistrar løypar på grønt nivå.
- Raudt nivå = har grunnleggande skikunnskap og ferdigheitar. Ein mestre løyper på grønt, blått nivå på eige hand og har erfaring med stolheis og T-krok.

Sett ei lite * om det er nokre elevar som treng støtte eller kan ha utfordring(ar).

Her kan ein ta kontakt med leirskulelærar for å gi meir informasjon.

- **Fyll ut skjemaet og send tilbake «Bestilling skiskule skjema Voss Resort» for dei som skal leige ski.**
Dette vil bidra til stor effektivisering ved utleige fordi informasjonen er lagt inn i systemet og utstyret er klargjort.
- **Send dokumenta tilbake innan torsdag før ankomst.**
- **Send kontaktinformasjon til leirskulelæraren (namn, telefon, epost) på dei vaksne som kjem.**

Generell informasjon:

Voss Herad med leirskulelærar har ansvaret for det pedagogiske opplegget. Voss Vandrehheim har ansvaret for den daglege drifta ved forlegninga.

Voss Resort, Skiskule og skiinstruktørane står ansvarleg for det tryggleiksmessige. Det vert tidleg eit møte om regler og forventningsavklaring med lærarane og elevane.

Kontaktlærarane plasserer elevane etter skinivå og kven som passar saman i gruppe. På dag 1 vert alle ski undersøkt for tryggleiken og det vert ein runde for å sjå om nivået stemmer.

Skiskulen ynskjer tidleg informasjon om det er nokre elevar som treng støtte eller kan ha utfordringar. Dette er fordi det vil kunne gi oversikt over kven skiinstruktør bør vere med på kva gruppe, forberede skiinstruktørane på førehand og kunne legge betre opp undervisninga.

Det kan vere at nokre elever ikkje ynskjer å stå opp eller vere med opp på Hangurstoppen. Me ynskjer at alle elevane vert med opp på Hangurstoppen for å prøve og for å unngå at andre mister motivasjonen til å dra opp.

Før leggetid må lærarane lage ein ordning om kven nattevakta på Vandrehheimen skal vekke viss det skal vere noko.

Praktisk informasjon:

- Ved ankomst stiller elevane opp føre inngangen til Vandreheimen rom for rom. Ein vaksen får romkort og romoversikten. Romkortet må ein ta godt vare på, det er 50 kroner i gebyr viss ein mister det. Elevane må legge på laken og sengetøy, skifte til skiklede og utstyr.
 - NB! Vaksne må sjekke at laken og sengetøyet er ordna i løpet av ettermiddagen/kvelden.
- **Møte:** Leirskulelærar og/ev. skiskule leiar tar eitt møte med dei vaksne når elevane har gått på romma.

Tidspunkt:

- Leirskulen har avtale med Voss Resort/Voss Gondol at ein kan gå tidlegare på gondolen.
- **Klokka 8.45** går **raud/ blå gruppe** og **klokka 09.05** går **grøn gruppe** ut framfor Vandreheimen inngangen og tar ein gjennomgang av dagen, vêrforhold, tilbakemelding frå instruktørane og at ein har med seg det ein treng av utstyr (hjelm, briller, vottar/hanskar, skikort, drikkeflaske, matpakke og skisko).
- Om morgonen går raud og blå gruppe klokka 08.50 frå Vandreheimen til Voss Gondol, det tar 10 min å gå. Grøn gruppe går klokka 09.10 til Voss Gondol.

Mat: Lunsj ete ein rundt kl.11.30-12.30. Elevane bør/må lage lunsj for det er mykje aktivitet under opphaldet som krev energi. Lunsj ete ein oppe i andre etasje over restauranten med mindre ein har fått andre beskjeder, sjå bilet nedst. **NB!** Ein må rydde etter seg sjølv. Det skal sjå likt eller betre enn det gjorde når ein kom. Ved store grupper og fleire andre besökande kan det bli delt kor ein ete lunsj og tidspunkta.

PAKKELISTE FORSLAG FOR LEIRSKULE VINTER:

- Ryggsekk (dagstursekk til sko, matpakke, ekstra klede)
- Ski, skistavar, skisko, hjelm, briller, ryggskinne dersom du har.
- Innesko til bruk på Vandrarheimen
- Varmt undertøy – gjerne fleire sett om du har(ullskjorte+ stillongs)
- Sokkar (ull)
- Tjukk genser/fleece.
- Skibukse og jakke (vind og vanntett)
- Varm hue, vottar eller hanskar, buff/skjerf, gjer ha med ekstra sett.
- Badeklede til Vossabadet
- Badehandkle og handkle (kan leige for 25 kroner)
- Klede til innebruk.
- Vintersko
- Toalettsaker
- Matboks
- Termos og kopp (og evt. rett i koppen-drikker)
- Nattklede
- Evt. analoge spel som kort, yatzy...

Utstyr:

- **Alle MÅ merke** godt alt av **eige utstyr**.
- Ein anbefaler sterkt at ein går i vanlege sko etter værforholda (ikkje skisko) til og frå gondolen og skiskulen.
- **Skibag og skiskobag** tar ein ikkje med seg opp på skiskulen på grunn av avgrensa hyllelass på Hangurstoppen.
- Hugs å ta biletar eller noter ned **låneidnummeret** på skisko og ski frå **skiskulen** og **BUA lånekode**, sjå biletar nedst.
 - **Eit tips** kan vere at vaksne som reiser med har ei kompllett liste over BUA lånekodane, dette er fordi det er lokalt BUA utlån på Voss også.
- **Skikortet** ein får utlevert skal leverast tilbake. Leverast det ikkje tilbake, vert det gebyr på 100kr. Mistar ein skikortet seier ein i frå til ein vaksen og leirskulelærar ordnar eit nytt.
 - Eit dømes kan vere at **ein vaksen** står og **tar imot alle skikort** når ein går ut av Gondolen **den siste dagen** og gir det til leirskulelærar ved Vandreheimen.

Ved dårleg vær kan skianlegget bli stengt, da vert det alternativ program (til dømes bading, bowling, teambuildingsaktivitetar inne og/eller ute eller anna aktivitetar) for gruppa.

Skaderapportering:

- Oppstår det skader i skianlegget, **skal ein ringe Skipatruljen Voss Resort 455 11 283**.
Alle vaksne og elever skal lagre dette nummeret.
 - Ring kontaktlærar(ar) og leirskulelærar som kan støtte i situasjonen.
- Ved skader eller sjukdom under opphaldet utanfor skianlegg, ringer ein 116117.
 - På Voss er det ambulerande legevakt kontor på dagtid til kl.16.00 som skifter lokasjon.
 - Ring kontaktlærar(ar) og leirskulelærar som kan støtte i situasjonen.
 - Skader ein seg etter kl.16.00 er lokasjonen på Voss legevakt på sjukehuset.

Når ein er ferdig for dagen:

- Ski og stavar skal når ein er ferdig **stå gruppevis** igjen til høgre for skiskule inngangen, sjå biletar nedst. Skisko og hjelm tar ein med ned att til Voss Vandreheimen for tørking.
- Det er tørkerom nede i kjellaren.
- Vaksne som er med bør ta ein runde for å sjekke at elevane har hengt opp våte kle, vottar/hanskjar, sko, hjelm og briller slik at det er klart til neste dag. Ein må kanskje snu på kleda i løpet av kvelden slik at dei tørker. Pass på at dette ikkje ligg på varmeomnar på rommet.

Ein bør ha med fleire klasselister:


- Til dømes ei liste som elevane kan signere seg ut og inn når dei går på Vangen (Voss sentrum).
- Telleliste på Hangurstoppen når ein er ferdig for dagen.
- Telleliste viss ein godtar å ha kveldskøyring. Ved kveldskøyring ein kan til dømes avtale med skiskulen å ha ei liste liggande hos skicutleigen der elevane signere seg inn og ut.

Skiskule leige:

- Elevane **MÅ** hugse å skrive ned eller ta bilet av låneid nummeret til ski (**3-siffer**) og skisko (**7-siffer**) fra Skiskulen, ref. bilet høgre.

BUA: Det same gjelder BUA låneutstyr, ha skrive ned- eller tatt bilet av lånekoden.


- Det kan vere **lurt at skulen skriv ned ei komplett liste med BUA kodenummera.**
- Dette er fordi det er lokalt BUA utleige her også slik at ein får med seg riktig utstyr tilbake.



Bilete 1. Gå til Voss Gondol. Ein skal følgje fortauet, ein går ikkje over parkeringsplassen til Avisa-Hordaland. Ved Fleischer Hotel går ein langs hotell, sjå blå strek.



Bilete 2. Gå inn oppe på Voss Gondol, inngangen på høgre side av bygget.



Bilete 3. Lunsjområde 2.etasje over restauranten.



Bilete 4. Me nyttar bordene langs veggjen og kan nytte møterommet viss ledig. Dette styrer skiinstruktørane.



Bilete 5. Er ein ferdig for dagen og skal opp igjen neste dag, setter ein igjen ski og stavar nivå gruppevis til høgre for inngangen til skiskulen. Skisko og hjelm tar ein med ned att til Voss Vandrehjem for tørking.